



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Barn og unge sitt kommunestyre

Møtedato: 11.11.2025
Møtestad: Kommuenstyresalen
Møtetid: kl 09.30 - 11.30

Møtedeltakarar	Parti
Akram Albakkar	
Amelia Hauge Dahl	
Andreas Asprusten	
Aslak Mjølhus	
Emma Sie	
Erlen Michel Ascheberg	
Francis Daniel Boado Caparas	
Gunnar Dalane	
Ingeborg Helgøy	
Izabele Krasikovaite	
Jonas Øvrehus Førre	
Karsten Bergøy Mæland	
Kateryna Kolotii	
Mari Landro Asprusten	
Maya Hjorteland Verpe	
Storm Sellevoll	
Thale Vestersjø-Gjerde	

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
009/25	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
017/25	Val av leiar og nestleiar BUK 2025-2026
010/25	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
011/25	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
012/25	KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER
013/25	Orientering om ny ungdomsskule

014/25	Evaluering av læringsbrett i Hjelmelandsskulen 2023–2025
015/25	Orientering om endringer i Hjelmelandsbarnehagen
016/25	Innspel til budsjett 2026
018/25	Rullering av plan for idrett og fysisk aktivitet 2026

009/25: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

11.11.2025 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

BUK - 009/25 **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

017/25: Val av leiar og nestleiar BUK 2025-2026

Forslag til vedtak

Leiar og nestleiar vert vald i BUK for skuleåret 2025-2026

Leiar Izabele Krasikovaite

Nestleiar Emma Sie

11.11.2025 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

Valet vert gjort munleg ved at møtesekretær spurde ut i salen om nokon av representantane hadde lyst å stille til val som leiar. Det var to representantar frå salen som melde seg. Dei fekk lov til å reise seg og seie nokon ord om kvifor dei stilte til val. Etter at dei hadde snakka fekk alle representantane beskjed om og rekkje opp handa når det var røysting. Den med flest stemmer blei vald som leiar og den med minst stemmer blei nestleiar.

BUK - 017/25 **Vedtak:**

Leiar og nestleiar vert vald i BUK for skuleåret 2025-2026

Leiar Izabele Krasikovaite

Nestleiar Emma Sie

010/25: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

11.11.2025 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

BUK - 010/25 **Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

011/25: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

11.11.2025 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

BUK - 011/25 **Vedtak:**

012/25: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

Forslag til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

11.11.2025 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

Kommunalsjef Oppvekst orienterte om at leksefri skule er eit tema som er tatt opp på skuleleiarmøte.

BUK - 012/25 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering

013/25: Orientering om ny ungdomsskule

Forslag til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

11.11.2025 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

BUK - 013/25 **Vedtak:**

Saka vert teken til orientering.

014/25: Evaluering av læringsbrett i Hjelmelandsskulen 2023–2025

Forslag til vedtak

1. Rapporten *Læringsbrett i Hjelmelandsskulen 2023–2025* blir teken til vitande.
2. Hjelmelandsskulen skal halda fram med iPad som læringsbrett, i tråd med dei pedagogiske, fagdidaktiske, tekniske og økonomiske vurderingane som kjem fram i rapporten.
3. Hjelmelandsskulen skal i den vidare utviklinga fokusera særskilt på systematisk kompetanseheving, samarbeid med dei føresette, kreative og skapande arbeidsmåtar, digital dømmekraft og stabil infrastruktur.
4. Måla som blir grunngjevne i kapittelet *Oppfølging og vegen vidare* skal innarbeidast i den langsiktige utviklingsplanen for Hjelmelandsskulen, i tråd med nasjonale strategiar, lover og forskrifter.
5. Kommunedirektøren skal følgja opp og setja i verk tiltaka som blir føreslegne i kapittelet *Oppfølging og vegen vidare*. Tiltak som krev investeringar utover dei eksisterande budsjettrammene skal leggjast fram for ny politisk behandling.

11.11.2025 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

Kommunalsjef Oppvekst orienterte om saka og viste frem rapporten *Læringsbrett i Hjelmelandsskulen 2023-2025*.

Representantane blei gitt høve til å kome frem med innspel.

Akram Albakkar frå Hjelmeland ungdomsskule kom med innspel om at ungdomsskulen ønsker at dei skal fortsette å bruke ipad på skulen.

BUK - 014/25 **Vedtak:**

Saka vert teken til orientering.

015/25: Orientering om endringer i Hjelmelandsbarnehagen

Forslag til vedtak

Saka vert tatt til orientering.

11.11.2025 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

Kommunalsjef Oppvekst orienterer om endringer i Hjelmelandsbarnehagen

1. Jøsenfjorden barnehage blir avviklet ved oppstart skuleåret 2026/2027
2. Orientering om samlokalisering av avdelingene Trodlatoppen og Nøtteskogen i Hjelmeland barnehage.

BUK - 015/25 Vedtak:

Saka vert teken til orientering.

016/25: Innspel til budsjett 2026

Forslag til vedtak

Barn og unge sitt kommunestyre kjem med desse innspela til budsjettet for 2026:

11.11.2025 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

Innspel frå dei ulike skulelokasjonene:

Fister:

- Bøker og oppdatering av biblioteket. Det er ønske om at biblioteket oppdateres med fleier puter og tepper og blir eit rom som skaper leseglede. Det er viktig å lære seg å lese. Fister skule har ikkje like god tilgang til bibliotek som Hjelmeland, som berre kan gå ned i vågen til folkebiblioteket og Årdal som og har folkebibliotek i tilknytning til skulen.

Utbygting av bøkene som er i biblioteket og fleier engelske bøker

Årdal:

- Me ønsker oss ein ny trampoline. Den me har nå har mange hull og er for liten til at fleire kan oppe på den samstundes. Me ønsker oss ein større og bedre trampoline.
- Varmmat i kantina på skulen. Dette kan skape betre konsentrasjon og gjer at me lærer meir. Det sikrer også at alle får i seg mat sjølv om dei ikkje har med matpakke.
- Lekse fri skule. Leksefri skule gjer oss meir klare for ny skuledag dagen etter for me får slappa betre av på kvelden. Me er slitne etter ein lang dag på skulen og etter idrett er det tungt å sette seg ned med lekser.

Hjelmeland barneskule:

- Tarzan jungelen har stått lenge uten å kunne bli brukt skikkeleg fordi den er delvis tatt ned for vedlikehold. Me ynskjer at Tarzanjungelen blir utbedra raskt eller at den blir bytta ut med Zipline.
- Grusbanen på skulen er dårlig. Me kunne tenkt oss at det blei laga to ballbinger på den slik at dei kan brukas til andre ting enn berre fotball også. Me har fleire elevar som liker å gjere andre ting enn fotball.
- Me ønsker oss ein ny leikeplass på Sande. Me har ingen leikeplass i bygda utenom den nedenfor Kyrkja, men den er gamal og slitt.
- Utstyr til lek i den nye symjehallen. Me ønsker at den skal vere open i helgene også.
- Meir søppeldunker rundt i bygda vår slik at det ikkje ligg søppel rundt omkring.

Hjelmeland Ungdomsskule:

- Meir utvalg av frukt på skulen. Me har til no nesten berre fått epler og det er det ingen som spiser. Me ønsker meir utvalg av frukt.

Me treng ei ny leikeplass. Den nedfor Kyrkja er gammal og sliten.

BUK - 016/25 Vedtak:

Innspela i prioritert rekkefølge:

Fister:

Oppdatering av biblioteket

Årdal:

- Ny trampoline
- Leksefri
- varmmat i kantina

Hjelmeland barnehage:

- Oppdatering av ballbinge
- Fleiere søppeldunker i kommunen
- Utstyr til lek i symjehallen og helgeopen symjehall
- Ny leikeplass på Sande
- Ferdigstille vedlikeholdet i Tarzanjungelen eller bytte alt ut med ein zipline

Hjelmeland ungdomsskule:

- Meir variert frukt
- Oppdatere leikeplassen

018/25: Rullering av plan for idrett og fysisk aktivitet 2026

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune prioriterer disse anlegga for idrett og fysisk aktivitet i 2026:

1. Symjehall i Hjelmeland. Ordinært anlegg.
2. Ny løypetrassé og nytt lysanlegg på Bjødnabu. Ordinært anlegg.
3. To trearbanar ved Hjelmeland barneskule. Nærmiljøanlegg.
4. Toalett og friluftsområde ved offentlig badeplass i Tytlandsvik. Ordinært anlegg.
5. Rehabilitering av kunstgras på Hjelmeland. Ordinært anlegg.

Framtidige planar i uprioritert rekkefølge:

- Rullestoltilgang på offentlege badeplassar
- Tilrettelagte turstiar som kan gås av alle
- Skilting av turstiar som kan brukast av alle, uansett alder og føresetnader
- Universell utforming av nye anlegg, tilgjengeleg for alle
- Fleirbruksbane sentralt blant anna til Volleyball, Tennis
- Område med høve for enkle aktivitetar og sitjeplassar, til bruk spesielt sommarstid
- Fleirbruksanlegg Årdal, inkludert løpebane
- Fleirbruksareal i forbindelse med ny/ombygging av ungdomsskolen
- Opprusting av uteareal ved Hjelmeland barneskule
- Område for skileik på Bjødnabu
- Rundløype rundt Steinslandsvatnet
- Rundløype rundt Hetlandsvatnet
- Rundløype rundt Riskedalsvatnet
- Ny hytte på Bjødnabu
- Leikeplass i kvar bygd, innbyr til fysisk aktivitet frå heilt små barn
- Tilrettelegging for skiløypenett i området Bønardalen/Bjødnabu
- Skiløype (lysløype) i Lyngsheia (langtidsperspektiv) inkludert tilrettelegging for parkering
- Etablering av padeltennisbanar/padeltennishall
- Aktivitetspark på Sande

06.11.2025 Seniorrådet

Behandling:

ELD - 033/25 **Vedtak:**

Hjelmeland kommune prioriterer disse anlegga for idrett og fysisk aktivitet i 2026:

1. Symjehall i Hjelmeland. Ordinært anlegg.
2. Ny løypetrassé og nytt lysanlegg på Bjødnabu. Ordinært anlegg.
3. To trearbanar ved Hjelmeland barneskule. Nærmiljøanlegg.
4. Toalett og friluftsområde ved offentlig badeplass i Tytlandsvik. Ordinært anlegg.
5. Rehabilitering av kunstgras på Hjelmeland. Ordinært anlegg.

Framtidige planar i uprioritert rekkefølge:

- Rullestoltilgang på offentlege badeplassar

- Tilrettelagte turstiar som kan gås av alle
- Skilting av turstiar som kan brukast av alle, uansett alder og føresetnader
- Universell utforming av nye anlegg, tilgjengeleg for alle
- Fleirbruksbane sentralt blant anna til Volleyball, Tennis
- Område med høve for enkle aktivitetar og sitjeplassar, til bruk spesielt sommarstid
- Fleirbruksanlegg Årdal, inkludert løpebane
- Fleirbruksareal i forbindelse med ny/ombygging av ungdomsskolen
- Opprusting av uteareal ved Hjelmeland barneskule
- Område for skileik på Bjødnabu
- Rundløype rundt Steinslandsvatnet
- Rundløype rundt Hetlandsvatnet
- Rundløype rundt Riskedalsvatnet
- Ny hytte på Bjødnabu
- Leikeplass i kvar bygd, innbyr til fysisk aktivitet frå heilt små barn
- Tilrettelegging for skiløypenett i området Bønardalen/Bjødnabu
- Skiløype (lysløype) i Lyngsheia (langtidsperspektiv) inkludert tilrettelegging for parkering
- Etablering av padeltennisbanar/padeltennishall
- Aktivitetspark på Sande

06.11.2025 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Alternativt forslag , foreslått av Helge Mæle, Uavhengig

Hjelmeland kommune prioriterer desse anlegga for idrett og fysisk aktivitet i 2026:

1. Symjehall i Hjelmeland. Ordinært anlegg.
2. Ny løypetrásé og nytt lysanlegg på Bjødnabu. Ordinært anlegg.
3. To trearbanar ved Hjelmeland barneskule. Nærmiljøanlegg.
4. Toalett og friluftsområde ved offentleg badeplass i Tytlandsvik. Ordinært anlegg.
5. Rehabilitering av kunstgras på Hjelmeland. Ordinært anlegg.

6. Rullestoltilgang på offentlege badeplassar. Ikkje tippemiddelprosjekt.

Framtidige planar i uprioritert rekkefølge:

- Tilrettelagte turstiar som kan gås av alle
- Skilting av turstiar som kan brukast av alle, uansett alder og føresetnader
- Universell utforming av nye anlegg, tilgjengeleg for alle
- Fleirbruksbane sentralt blant anna til Volleyball, Tennis
- Område med høve for enkle aktivitetar og sitjeplassar, til bruk spesielt sommarstid
- Fleirbruksanlegg Årdal, inkludert løpebane
- Fleirbruksareal i forbindelse med ny/ombygging av ungdomsskolen
- Opprusting av uteareal ved Hjelmeland barneskule
- Område for skileik på Bjødnabu
- Rundløype rundt Steinslandsvatnet
- Rundløype rundt Hetlandsvatnet
- Rundløype rundt Riskedalsvatnet
- Ny hytte på Bjødnabu
- Leikeplass i kvar bygd, innbyr til fysisk aktivitet frå heilt små barn
- Tilrettelegging for skiløypenett i området Bønardalen/Bjødnabu
- Skiløype (lysløype) i Lyngsheia (langtidsperspektiv) inkludert tilrettelegging for parkering
- Etablering av padeltennisbanar/padeltennishall
- Aktivitetspark på Sande

Røysting alternativt forslag: samrøystes

Medlem Mæle reiste spørsmål om inhabilitet i saka, ettersom han er grunneigar i Viglesdalen. Medlem Gundersen vurderte at Mæle ikkje er inhabil, då saka ikkje inneber økonomiske bevilgningar frå rådet.

Røysting forslag Gundersen: samrøystes

FUNK - 035/25 **Vedtak:**

Hjelmeland kommune prioriterer desse anlegga for idrett og fysisk aktivitet i 2026:

1. Symjehall i Hjelmeland. Ordinært anlegg.
2. Ny løypetrasé og nytt lysanlegg på Bjødnabu. Ordinært anlegg.
3. To trearbanar ved Hjelmeland barneskule. Nærmiljøanlegg.
4. Toalett og friluftsområde ved offentleg badeplass i Tytlandsvik. Ordinært anlegg.
5. Rehabilitering av kunstgras på Hjelmeland. Ordinært anlegg.

6. Rullestoltilgang på offentlege badeplassar. Ikkje tippemiddelprosjekt.

Framtidige planar i uprioritert rekkefølge:

- Tilrettelagte turstiar som kan gås av alle
- Skilting av turstiar som kan brukast av alle, uansett alder og føresetnader
- Universell utforming av nye anlegg, tilgjengeleg for alle
- Fleirbruksbane sentralt blant anna til Volleyball, Tennis
- Område med høve for enkle aktivitetar og sitjeplassar, til bruk spesielt sommarstid
- Fleirbruksanlegg Årdal, inkludert løpebane
- Fleirbruksareal i forbindelse med ny/ombygging av ungdomsskulen
- Opprusting av uteareal ved Hjelmeland barneskule
- Område for skileik på Bjødnabu
- Rundløype rundt Steinslandsvatnet
- Rundløype rundt Hetlandsvatnet
- Rundløype rundt Riskedalsvatnet
- Ny hytte på Bjødnabu
- Leikeplass i kvar bygd, innbyr til fysisk aktivitet frå heilt små barn
- Tilrettelegging for skiløypenett i området Bønardalen/Bjødnabu
- Skiløype (lysløype) i Lyngsheia (langtidsperspektiv) inkludert tilrettelegging for parkering
- Etablering av padeltennisbanar/padeltennishall
- Aktivitetspark på Sande

11.11.2025 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

Leiar las opp prioriteringslista under *Prioritering av anlegg for 2026* i saksdokumentene.

Representantane fekk etterpå moglegheit til å kome med innspel.

Akram Albakkar og Aslak Mjølhøus kom med innspel om denne prioriteringsrekka:

- Symjehallen i Hjelmeland kommune
- Rehabilitering av kunstgressbane og rehabilitering av innbytterbenker
- Ny løypetrasé og nytt lysanlegg på Bjødnabu. Ordinært anlegg.
- Toalett og friluftsområde ved offentleg badeplass i Tytlandsvik. Ordinært anlegg.

- Det er innspel om å oppdatere ballbingen på barneskulen med vanlige mål på kortsidene av banen og på den eine banehalvdelen og sette to mål på langsiden, slik at det går an å spele ved å bruke berre halve banen også.

BUK - 018/25 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.